



## Saksframlegg

Sakshandsamar:	Politisk-adm.sekretariat		Bente Skjerping
Avgjerslemynde:		Arkivnr.: 15/446	Klassering:

### Forliksrådet - søknad frå medlem om fritak for resten av valperioden

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen gjer ikkje framlegg til vedtak.

Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Medlem i Forliksrådet, Ragnar J. Tyssebotn, Hjellvik har med brev av 29.05.15 søkt om fritak frå vervet av personlege grunnar. Heradsstyret avgjer søknaden. Dersom søknaden vert innvilga må det veljast ny medlem i Forliksrådet. Heradsstyret gjer valet etter tilråding frå Valnemnda.

Heradsstyret valde i møtet 22.05.13 slike medlemmer og varamedlemmer til Forliksrådet for perioden 2012 – 2016:

«*Medlemmer: Geir Iversen, Valestrandsfossen, leiar, ny, 1. Ragnar J. Tyssebotn, Hjellvik, Valestrandsfossen 2. Audhild Skogan, Haus. Varamedlemmer: 1. Geir Olsen, Lonevåg 2. Berit Moslett Borge, Hauge, Valestrandsfossen 3. Wenche Fiskesteth, Bruvik.»*

Etter domstollova § 59 er det høve til å føreta suppleringsval av forliksrådsmedlemmer:

«*Når et forliksrådsmedlem eller varamedlem dør eller flytter frå kommunen, eller når det opplyses at vedkommende mangler noen av de betingelser som er nevnt i §§ 53 eller 56, 1.l, eller vedkommende elles blir varig forhindret fra å gjøre teneste, foretar kommunestyret nytt val av medlem eller varamedlem for den tid som er igjen. Valget foretas som flertallsvalg.*

*Kommunestyret kan tillate et medlem eller varamedlem å fratre sin stilling før tiden og foretar i så fall nytt val etter reglene i første ledd.*

*Har noen forfall så forliksrådet ikkje kan holde beslutningsdyktig møte, kan fylkesmannen oppnevne stedfortredere for den enkelte sak eller for inntil tre måneder. Er det ikkje tid til å innhente fylkesmannens bestemmelse, kan to forrettende forliksrådsmedlemmer midlertidig tilkalle en stedfortreder når partene samtykker.*

*Den som oppnevnes som medlem eller varamedlem etter denne paragraf, kommer i rekkefølge etter dem er oppnevnt tidligere. Dersom det holdes valg på nytt medlem fordi formannen har fratrådt e.l., kan kommunestyret velge ny formann uavhengig av første punktum.»*

## *Generelt*

I alle kommunar skal det vera eit forliksråd. Rådet skal ha 3 medlemmer med like mange varamedlemmer, alle valde av heradsstyret. Heradsstyret vel og formann mellom medlemmene. Begge kjønn skal vera representert både mellom medlemmene og varamedlemmene. Varamedlemmene skal innkallast i den rekkjefølgje dei er oppnemnde. Forliksrådet vert oppnemnd av fylkesmannen.

Forliksrådsmedlemmene er formelt sett dommarar, domstollova sine reglar for slike gjeld difor. Medlemmene må såleis vera norske statsborgarar med røysterett.

Forliksrådsmedlemmene må vera fylt 25 år og under 70 år ved oppstart av valperioden. Som forliksrådsmedlem skal berre personar som har tilstrekkelege norskunnskapar og vert rekna som særskild eigna til oppgåva veljast. Departementet understrekar at forliksrådet har ei viktig og krevjande oppgåve, og berre personar som på alle måtar er skikka for vernet bør veljast. Medlemmene bør delta i kurs og opplæring, og departementet understrekar vidare at forliksrådet ikkje er eit politisk råd eller utval, og at ein ved valet må ta omsyn til personlege eigenskapar. Av omsyn til kontinuitet bør ikkje heile forliksrådet skiftast samstundes.

Embetsmenn i særskild nemnde stillingar og dommarfullmektigar kan ikkje veljast. Etter § 74 kan ein person kreva seg friteken frå val dersom helsetilstand eller andre særlege grunnar tilseier det, eller dersom ein har vore medlem i 2 perodar tidlegare.

For val av forliksråd gjeld kommunelova sine reglar samt domsstollova §§ 57 og 71 – 74.

Utelukka frå val på grunn av stilling er:

1. Stortingsrepresentant/-vararepresentant
2. Statsrådet sine medlemmer, statssekretærar statsrådane sine personlege politiske rådgjevarar og tilsette ved Statsministeren sitt kontor
3. Fylkesmenn og assisterande fylkesmenn
4. Utnemnde og konstituerte dommarar og tilsette ved domstolane
5. Tilsette ved påtalemyndet, i politiet og kriminalomsorga
6. Tilsette i justisdepartementet, Politidirektoratet og Domstoladministrasjonen og styret for denne
7. Tilsette og studentar ved Politihøgskulen og Fengselsskulen
8. Praktiserande advokatar og advokatfullmektigar

- Kommunen sin administrasjonssjef og andre kommunale tenestemenn som tek direkte del i førebuinga eller gjennomføringa av valet (gjeld alle typar arbeid, også utføring av teknisk prega oppgåver, og gjeld i den kommunen vedkomande er tilsett i)

Medlemmene må oppfylla vandelskrava i lova, jfr. domsstollova § 72.

Val av forliksråd skal skje i samsvar med reglane i kommunelova § 6 med dei avvik som følgjer av domstollova §§ 27 og 57.

Val av forliksrådet vert gjort i slik rekkefølgje:

Først vert 3 medlemmer med like mange varamedlemmer valde. Deretter vert det vald formann mellom dei valde medlemmene. Deretter vert rekkjefølgja mellom dei 2 andre medlemmene fastsett. Til sist vert rekkjefølgja mellom varamedlemmene fastsett.

Når det gjeld rekkjefølgje kan denne fastsetjast samrøystes ved avtaleval. Dersom valet vert halde som høvestalsval er listerøystetalet/kandidatrøystetalet det som i utgangspunktet er avgjerande for rekkjefølgja.

I domstollova § 57 er det teke inn særreglar om korleis ein skal oppfylla kravet om reprentasjon for begge kjønn dersom valet vert halde som høvestalsval, elles gjeld reglane i kommunelova.

## Vurdering

Dersom søknad om fritak vert innvilga må det veljast ny medlem til forliksrådet.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

## Konklusjon

Saka vert send valnemnda for tilråding til heradsstyret.

## Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost

